

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - X30, TI - &00	14/104

Saknr	Utval	Type	Dato
07/2014	Formannskapet	PS	23.01.2014
04/2014	Kommunestyret	PS	06.02.2014

## Nye politivedtekter for Masfjorden kommune

### Framlegg til vedtak:

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Masfjorden kommune har svært gamle politivedtekter (frå 1939), og det er mellom anna difor frå politifagleg hald vorte etterlyst ny forskrift om politivedtekt for kommunen.

### Høyring

Formannskapet vedtek i samsvar med forvaltningslova sin § 38 om utkast til politivedtekter skal på høyring. Når høyringsperioden er ferdig, skal eventuelle merknader som er kome inn drøftast, og deretter skal forskrifta handsamast i formannskapet og til slutt godkjennast i kommunestyret.

### Fakta

Forskrift om politivedtekt for Masfjorden vart vedteke i 1939 og vart igjen stadfesta i 1988. Det betyr at Masfjorden kommune har svært gamle politivedtekter. I dag har dei fleste kommunane politivedtekter som er frå 2000 –talet, og dei fleste baserer seg på standardvedtekter som er relativt like i struktur og innhald. Utkastet som no ligg føre har teke utgangspunkt i politivedtekter frå andre kommunar som har nye politivedtekter frå 2006 eller seinare. Brot på politivedtektene eller pålegg gjeve i medhald av vedtektene, kan straffast etter politilova sin § 30 nr. 4 om tilhøvet ikkje går inn under strengare straffereglar.

### Vurdering

## Fakta

Forskrift om politivedtekt for Masfjorden vart vedteke i 1939 og vart igjen stadfesta i 1988. Det betyr at Masfjorden kommune har svært gamle politivedtekter. I dag har dei fleste kommunane politivedtekter som er frå 2000 –talet, og dei fleste baserer seg på standardvedtekter som er relativt like i struktur og innhald. Utkastet som no ligg føre har teke utgangspunkt i politivedtekter frå andre kommunar som har nye politivedtekter frå 2006 eller seinare. Brot på politivedtektene eller pålegg gjeve i medhald av vedtektene, kan straffast etter politilova sin § 30 nr. 4 om tilhøvet ikkje går inn under strengare straffereglar.

## Fakta

Forskrift om politivedtekt for Masfjorden vart vedteke i 1939 og vart igjen stadfesta i 1988. Det betyr at Masfjorden kommune har svært gamle politivedtekter. I dag har dei fleste kommunane politivedtekter som er frå 2000 –talet, og dei fleste baserer seg på standardvedtekter som er relativt like i struktur og innhald. Utkastet som no ligg føre har teke utgangspunkt i politivedtekter frå andre kommunar som har nye politivedtekter frå 2006 eller seinare. Brot på politivedtektene eller pålegg gjeve i medhald av vedtektene, kan straffast etter politilova sin § 30 nr. 4 om tilhøvet ikkje går inn under strengare straffereglar.

## Nye opplysningar i saka

### Saksutgreiing:

Framlegg til nye politivedtekter dagsett 06.08.2013 vart i samsvar med forvaltningslova sin

§ 37 kunngjort i lokalavisa Strilen, samt på Masfjorden kommune sine heimesider den 23.09.13 , og vart lagt ut i ekspedisjonen på kommunehuset. Frist for eventuelle merknader vart sett til 2. desember 2013. Det er ikkje kome inn merknader til dei nye vedtektene.

## Konklusjon

Administrasjonen rår til at framlegg til politivedtekter av 06.08.2013 vert sendt på høyring etter reglane gjeve i forvaltningslova om forskrifter.

## Formannskapet - 07/2014

### FS - behandling:

### Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke og tilrådd overfor kommunestyret.

**FS - vedtak:**

Framlegg til nye politivedtekter dagsett 06.08.2013 vert i medhald av forvaltningslova sin § 37 godkjent. Forskrifta skal kunngjerast i medhald av forvaltningslova sin § 38.

**Kommunestyret - 04/2014**

**KS - behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

Framlegg til nye politivedtekter dagsett 06.08.13 vert i medhald av forvaltningslova sin § 37 godkjent.

Forskrifta skal kunngjerast i medhald av forvaltningslova § 38.